

Sak 16/2018 Signaturrett

Signaturrett er ei selskapsrettsleg fullmakt som gir rett til å inngå avtaler på vegne av eit selskap. Hovudregelen er at det er **styret** som har signaturrett. Det er Rådet som i fellesskap utøver signaturretten i dag. Det at alle rådsmedlemmene må underteikne avtaler er lite praktisk.

Ein kan ha signatur aleine, fleire kan ha signatur i fellesskap eller kvar for seg, eller i visse definerte kombinasjonar.

For å få til eit enkelt og fleksibelt opplegg rundt signering, vert det rådd til at Jon Rikard Kleven som regionordførar og Anne Aasmundtveit som regionrådsleiar får signaturrett kvar for seg.

Oversikt over kven som har samarbeidsorganets signaturrett skal registrerast i Brønnøysundregisteret.

Framlegg til vedtak: Jon Rikard Kleven, regionordførar og Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar, får begge fullmakt aleine til å forplikte Vest-Telemarkrådet ved si underskrift.